



Gunslingers på Dønhauglåven onsdag i påskeveka.

**Onsdag 17. april kjem GUNSLINGERS attende til Dønhaug i Uskedalen for sjuande gang for å stå for musikken på låven. Gunslingers har turnert over 10 år i Norges land for utselte hus, og dei siste åra, som headliner.band for fleire av dei største festivalane i landet.**

I 2018 kom bandet med sitt sjette album, og har mellom 20-30.000 streams dagleg på Spotify, noko svært få norske band kan konkurrera mot. Gunslingers er eit svært godt live-band med eit solid sceneshow og passar perfekt til ein Låvefest.

Kvar gong Hardanger-bandet har vitja Dønhauglåven, har dei skapt stor stemning med høg allsongfaktor og samla full låve. Dei siste åra har alle billetter vore utselde på førehand.

Billetter vert berre selde på nett, og det vert sett opp bussar både til ytre og indre luten av kommunen etter at arrangementet er slutt. NB! Dei som skal nytta seg av bussane, må betala billetten med kontantar, ikkje kort eller skyss app.

Bandet består av :

Frode Måkestad ( vokal, gitar og låtskrivar)  
Frode Andreassen (trommer)  
Jostein Fonnes (Bass)  
Dan Mikal Ripe Frøystad (pedalsteel)

Tekst: Presseskriv  
Foto: Gunslingers  
Nett: Kristian Bringedal